

Hallo i nedslagsfeltet!

No har vintereventyret i Valdres verkeleg sett i gang for fullt. Og om eg skal kome med eit stikkord for å oppsummere mine siste veker, må det bli SKI!!

Årets første møte med ski og vintersport fekk eg då heile skulen var på Beitostølen for å sjå på Beitosprinten laurdag for to veker sidan. Sjølv om vêret ikkje var heilt på topp vart det likevel ein folkefest med godt humør.



*Heldigvis er eg ikkje den einaste nynorskentusiasten ved skulen.
Her er vi i full gang med å nynorskifisere Beitostølen!*

Ikkje mange dagane etterpå var det meir ski i vente. Denne gongen bar det av stad til Hemsedal for å prøve ut alpintutstyret for fyrste gongen. Og for meg som har venta på å stå på ski heilt sidan april, vart dette eit av høgdepunkta hittil! Og sjølv vêret ikkje viste seg frå si beste side denne dagen heller, var eg heilt i hundre frå start til slutt.

Ved å velje ei linje som Bratt Friluftsliv har eg sagt meg villig til å prøve ut mykje nytt og utfordrande, som sjølvsagt inneber at eg ofte føler meg litt amatør. Men når eg endeleg fekk stå på ski igjen, fekk eg for fyrste gong dette skuleåret kjensla av å verkeleg meistre noko og å ha full kontroll.



Hemsedal va heilt tøpp!

Sjølv om det er veldig kjekt å gjere ting som eg føler eg kan godt, så er det uansett hakket betre å oppdage nye og spanande saker. Og i det siste har eg verkeleg fått auga opp for noko som er relativt nytt for meg, nemleg randoneé-ski og toppturar. Eg har i mange veker vore på jakt etter toppturski, og no kan eg endeleg kalle meg stolt eigar av eit par randoneé-ski.



Jubelen sto nærast i taket då eg vandra ut av butikken med desse i handa!

Tidlegare denne veka fekk eg endeleg den etterlengta jomfruturen med nye ski. Då reiste klassa mi opp til skianlegget som ligg 10 minutt frå skulen for at vi skulle bli skikkeleg kompetente med toppturutstyr. Medan skiheisa gjekk rett ved sida av oss, tok vi oss ei intervalløkt der vi gjekk opp skibakken med fellar på, for så å ta dei av oss på toppen og renne ned igjen fire gongar på rad. Så no er eg med andre ord meir enn klar for ordentlege toppturar både her i Valdres og heime på Sunnmøre!

I går var eg også i skitrekket, men denne gongen var det i anledning ein "Godheitsdag" som heile folkehøgskulen arrangerte. Den gjekk ut på at vi elevane skulle gjere ei god gjerning og hjelpe både bedrifter, butikkar og privatpersonar i Leira og Fagernes, mot at dei som ville kunne gi pengar til eit "Afrika-prosjekt". Det prosjektet går i korte trekk ut på at Valdres folkehøgskule på ulike måtar skal samle inn pengar til ungdommar i Lushoto i Tanzania. Og i vinterferien reiser fire elevar ned dit for å hjelpe til med å opprette spare- og lånegrupper og for å sjå kva pengane går til.

Under Godheitsdagen fekk vi sjølve velje kva vi ville bidra med. Vi kunne blant anna velje mellom å dele ut gløgg og klemmar i gågåta i Fagernes, ansiktsmåling på barn, pakke inn gåver i butikkar, syngje julesongar på eldreheim, sitte barnevakt og mykje meir. Eg bestemte meg for å reise i skitrekket med ni gutar for å hjelpe til med ulike oppgåver der.

Dagen i dag har i likskap med dei siste vekene vore svært skirelatert. Atter ein gong reiste eg opp i skianlegget, men denne gongen var det korkje jobb eller randoneégåing som sto på planen, men ein heil dag med alpintkøyning og kanonføre. Dei ti bitande minusgradene gjorde tærne mine forfrosne og underkjeven stivna heilt til. Men ei lespane Christina fører heldigvis til mykje latter.

Og tenk at dette berre er starten på eit langt vintereventyr! Framover blir det forhåpentlegvis mykje snø og skikøyning, med ein tur til Alpane rett over nyttår som definitivt vert eit av dei aller største høgdepunkta! Men først skal det vere både juleball, juleverkstad, julegåvekjøping, julestress og ein god dose julekos.

PS: Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til 5,1.

- Christina